

FAU- møte, Skei skule, måndag 8.november 2021

Desse møtte: Hanne Kjørvik, Heidi Husetuft Flatjord, Mariann Bruland, Ann Kristin Bruland, Siri Cecilie Flatjord, Jakob Andre Sandal, Anne Marie Håheim, Annette Dale Natås, Pål Befring, Anne Turid Bolset, vara for Tove Falkgjerdet (Kristin Årdal Mallesvik), besøk av Åge Stafsnes

Sak 1

Kva er FAU? Kva er vår rolle?

Heidi ynskjer velkomen til møtet og går gjennom saklista for møtet. Heidi informerer om at FAU er eit lovpålagt organ og eit styre for foreldrerådet, der foreldrerådet kan arbeide med ulike satsingsområde for å fremje trivsel og læring på skulen. Foreldrerådet og FAU skal fremje fellesinteressene til foreldra og medverke til at elevane og foreldre tek aktivt del i arbeidet for å skape eit godt skulemiljø.

Det skal og arbeide for å skape godt samhold mellom heim og skule, legge til rette for trivsel og positiv utvikling hos elevane og skape kontakt mellom skulen og lokalsamfunnet.

Heidi går gjennom kva forventningar ho har til FAU- styret og ynskjer at det er eit engasjert styre framover. Heidi informerer og om SU og SMU og at det er dei same styre representantane som set i SU og SMU og.

Heidi Husetuft Flatjord- leiar
Hanne Kjørvik- nestleiar
Siri Cecilie Flatjord- styrerepresentant

Sak 2

Tilbakemelding frå KFU

Heidi var på KFU- møte i Førde hausten 2021. Det var val av nytt styre i KFU, men til dags dato er det ikkje ny KFU leiar etter Roger Eide. Trygg trafikk var og eit tema og hjertesone (av- og på stigning til skulen). Fokus var mykje på trafikk situasjonen i Førde grunna Førde pakken. Åge Stafsnes hadde og ei spørsmål runde der. Heidi informerer om eit bra engasjement på møtet.

Sak 3

Ras- sikring og uteområdet

Åge Stafsnes informerer om ras- sikringa til Skei skule og viser teikningar om eventuelle tiltak. Det er særleg barneskulen og nødutgangane til hallen som blir råka når snøen rasar frå taket på hallen. Arbeidet om ras- sikringa starta våren 2021, og det blei føreslått i sommaren 2021 og lage ein 3 meter høg, 50 cm brei mur som er omtrent like lang som hallen.

Utfordringane er at muren kan komme på mellom 4- 5 millionar. Den mellombelse løysninga

er å setje opp eit gjerde for å hindre snø ras, og å ikkje bruke uteområdet når det er fare for snøras.

Planen til uteområdet må skisserast på nytt sidan ras- sikringa har den høge kostanden og uteområdet har endra seg sidan dei første skissene. Ei mogleg løysning er å sjå om muren kan innehalde noko form for aktivitet i seg, som ein klatre mur og eit amfia. Planen er at dette arbeidet skal starte våren 2022. Rektor lurar på om FAU kan komme med innspel for korleis det ferdige uteområdet skal sjå ut og det ynskjer Åge og.

Spørsmål om kva som skjer med klatreparken. Svar frå rektor er at det skal skje snart men at dei ventar på treverket som skal skiftast ut. Det skal og setjast opp ei fuglereir disse som skal opp ved sidan av SFO bygget.

Sak 4

Fokusområde framover i FAU

Fokusområdet vidare til FAU blir uteområdet på Skei skule. Det er og ynskjeleg med eit betre sikra sykkelskur og system sidan mange elevar sykklar til skulen, til dette kan ein søkje midlar. Her må ein og ta kontakt med samfunnshuset på Skei sidan dei disponera noko av arealet der eventuelle sykklar kunne stått.

Sak 5

Tema på foreldremøte til våren, kva ynskjer foreldregruppa?

Kva er eit ynskjeleg tema til eit stor- foreldremøte på skulen? Rektor informera at det kan vere ynskjeleg blant lærarane om nettvett som tema, fagfornyninga og eventuelt lekse. Innspel om at uteområdet kunne og vore tema for å fremje idear blant foreldra. Heidi kjem med forslag om psykisk helse som tema.

Sak 6

Informasjon frå rektor

Politiet har vore her å snakke med alle elevar på Skei skule utanom 1. og 2.klasse, tema var hærverk på sykane. Rektor informerer om eit godt og informativt møte frå politiet. Rektor informerer om kva elevrådet har jobba med i haust der blant anna lekser har vore tema. Det er og komen ei ny handbok om §9A som skal jobbast med. Ny skulerute for 2022 er og klar. Det er elevfri dag kommande fredag 12.november.

Sak 7

Innkomne saker

Kvar fredag er søppel bilen i Vikavegen som kan utgjere ein fare for elevane då bilane køyre veldig fort (rektor er informert). Heidi har fått inn ei sak om FAU kan bli medlem i Brønnøysund registrert for at klassane kan få eigen klassekonto. No er klassekontoane ansvaret for leiaren i foreldregruppa for klassen. Styret seier seg einig i at FAU ikkje involverar seg i Brønnøysundet.

Innkommen sak om hjartestartar i Skeihallen, idrettslaget har fått mail om dette.

Referent: Hanne Kjørvik, nestleiar FAU